



# Masfjorden kommune

## Tilleggsinnkalling av Kommunestyret

**Møtedato:** 26.09.2019  
**Møtestad:** Kommunestyresalen  
**Møtetid:** 12:45 - 16:45

Eventuelle forfall må meldast til Anne Kristin Rafoss per tlf. 56166291, sms til 90898072 eller per epost til [anne.kristin.rafoss@masfjorden.kommune.no](mailto:anne.kristin.rafoss@masfjorden.kommune.no)

Varamedlemmer møter berre etter nærare avtale.

### Saksliste:

056/2019 Finansrapportering pr. 31.8.2019/2.tertial 2019

26. september 2019

Karstein Totland  
møteleiar

Anne Kristin Rafoss  
sekretær

## Sakspapir

| Sakshandsamar              | Arkiv          | ArkivsakID |
|----------------------------|----------------|------------|
| Svein Helge Hofslundsengen | FE-202, TI-&14 | 19/366     |

| Saknr    | Utval         | Type | Dato       |
|----------|---------------|------|------------|
| 056/2019 | Kommunestyret | PS   | 26.09.2019 |

### Finansrapportering pr. 31.8.2019/2.tertial 2019

#### Rådmannen sitt framlegg til vedtak:

Finansrapport pr. 31.8.2019/2.tertial vert teken til vitring

#### Saksopplysningar:

##### Bakgrunn

Saka vart drøfta i sist formannskapsmøte med fokus på finanssituasjonen, og spesielt uro og usikkerheit i finansmarknaden og evt. tiltak ein evt. bør iverksetje i den samanheng. Ein mangla data frå ei plassering, slik at ein ikkje kunne ferdigstille rapporten til møte 10.9.19, og saka vert difor lagt fram direkte til kommunestyret. Finansrapporteringa følgjer av gjeldande finansreglement, vedteke av kommunestyret den 20.02.2017 – pkt. 9

## 9. Rapportering

Rådmannen skal i samband med tertialrapportering per 30.04 og 31.08 utarbeide ein finansrapport til formannskapet og kommunestyret. I tillegg skal rådmannen i samband med årsavslutning leggje fram ein rapport til formannskapet og kommunestyret som viser utviklinga gjennom året og status ved utgangen av året.


- Rapportane skal innehalde ein omtale og vurdering av kommunen sin finansielle risiko.
- Rapportene skal innehalde ein nærmare omtale av korleis aktiva og passiva er samansett.
- Rapportane skal vise markedsverdien for aktiva, både samla og for kvar gruppe av ulike typar aktiva.
- Rapportane skal vise verdien for passiva, både samla og for kvar gruppe av ulike typar passiva. I tillegg skal rapportane opplyse om løpetida for passiva, og om verdien av lån som forfell og som må refinansierast innan 12 månader.
- Rapportane skal innehalde ein omtale av vesentlege marknadsendringar og endringar i kommunen sin finansielle risiko, og det skal gjevast ein vurdering av dette. I tillegg skal rapportane innehalde ein omtale av aktuelle marknadsrenter og kommunen sine egne rentevilkår.
- Om det har oppstått avvik mellom krava i finansreglementet og den faktiske forvaltninga, skal dette takast med i rapportane.

### Fakta

Plasserte midlar i rente – obligasjonar og aksjefond hadde ein positiv avkastning pr. 2.tertial,

|                    | 31.12.2018           | 2019, pr. 2.tertial |                      |                |
|--------------------|----------------------|---------------------|----------------------|----------------|
|                    |                      | Resultat            | Marknadsverdi        | Avkastning     |
| Dnb Obligasjon 20  | 7 482 337,69         | 203 964,77          | 7 686 302,46         | 2,726 %        |
| Holberg Kreditt    | 2 192 275,54         | 90 582,83           | 2 282 858,37         | 4,132 %        |
| First Aksjer Norge | 5 621 551,80         | 518 165,61          | 6 139 717,41         | 9,217 %        |
| Holberg Global     | 2 113 193,30         | 456 949,26          | 2 570 142,56         | 21,624 %       |
| Holberg Rurik      | 699 542,49           | 51 620,85           | 751 163,34           | 7,379 %        |
| Spv Aksje          | 5 623 798,00         | 660 381,00          | 6 284 179,00         | 11,743 %       |
| <b>SUM</b>         | <b>23 732 698,82</b> | <b>1 981 664,32</b> | <b>25 714 363,14</b> | <b>8,350 %</b> |


Plasseringane hadde god avkastning 1.tertial/ jan.-april 2019, ned med nær 400.000 i mai, liten oppgang juni til utgangen av august, slik at perioden mai til utgangen av september ga ein liten avkastning på litt over 100.000 – men på årsbasis ligg vi pr. utgangen av september med ei avkastning på 8,35%



(Avkastning hittil i september 19 (pr. 25.9) utgjør litt over kr.300.000)

**Renta** ligg framleis på eit lågt nivå, til tross for tre justeringa frå Norges bank si side i 2019 med 0,25%, ligg renta no styringsrenta på 1,5%.


Utviklinga sett i forhold til rentenivå i 3 mnd. NIBOR, jamn stigning siste året – og ligg no på ca. 1,8%



Og ein forventar ei låg rente i åra framover, jf. m.a. Norges bank signal i form av styringsrente.

## Styringsrenten de siste årene og anslag fremover

Figuren under viser styringsrenten i prosent siden 2010 og anslag fremover fra siste Pengepolitisk rapport. Den heltrukne linjen viser faktisk utvikling i styringsrenten, mens den stiplede linjen er Norges Banks prognose. Figuren oppdateres samtidig med publisering av rapporten.



**Langsiktig gjeld** lite eller ingen endring sidan sist rapportering. Her ligg Masfjorden lågt pr. innbyggjar pr. dato. Men store investeringa framover gjer at gjelda vil auke.

### Vurdering

Det er normalt med til dels store svingingar i aksjemarknaden gjennom eit år, jf. 2018. 2019 har starta bra. Det skal lite til av uro rundt omkring i verden før ein får opp eller nedgang i verdien av plasseringane, og utfordring er å skape/ oppnå meiravkastning utover ordinær bankinnskot.

Stresstest pr. 31.08.2019 er gjort ut i frå at grunnkapital/plassering er dekkja opp med fondsavsetjing, og at det er berre reinvestert kapital som ein ikkje har fondsmidlar til å dekke. Plasseringa utover bankinnskot er noko Masfjorden etter kvart har mange års erfaring med, og normalt har ein oppnådd eit resultat som har styrka kommunerekneskapen med mellom 1-2 mill.kr. årleg, og berre unntaksvis har vi hatt år med negativ avkastning – som i 2018. Faren for finansuro og negativ avkastning er til stades, og mange omtalar den no som stor – og replassering til meir sikre plasseringa var hovudtema under drøftingane i formannskaet 10.9.2019. Ein har landa på å framleis stå med noverande plasseringa ei tid framover, og har framleis tru på meiravkastning utover bank – men det vert garantert svingingar.

### Konklusjon

Tilrår at finansrapporteringa pr. 31.08.2019 vert teken til vitring